



Torfinn Egil Sande
KRÅVASSLIA 243
5134 Flaktveit

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/997 - 22/52419

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
27.06.2022

Melding om utført endring av bygningopplysningar i matrikkelen - gbnr 124/3 Kjeilegavlen

Syner til søknad om bruksendring, innkome til kommunen 01.02.2022.

Søknaden har vore vurdert av byggesak i Alver kommune, etter plan- og bygningslova (PBL) og saka vart oversendt til underteikna for behandling etter matrikkellova i juni.

Det vart omsøkt og godkjent bruksendring frå einebustad, til einebustad med utleigeeining 07.12.2000. Det vart då konstatert at det var etablert ein fullverdig bustad i underetasjen, i det som var godkjent som einebustad i utgangspunktet.

Du søker om å få sletta bueininga i underetasjen og tilbakeføra huset til einebustad. Du skriv også at kjøkkenet i underetasjen vert fjerna. Byggesak har vurdert at denne endringa ikkje treng løyve til samanslåing etter PBL, då det er innvendig gjennomgang mellom bueiningane. Då bygget ikkje har 2 separate bueiningar, kunne du i staden for søknad om bruksendring sendt inn krav om endring av bygningstype i matrikkelen.

Alle bueiningar skal vera registrert i matrikkelen- også hybler som ikkje har krav om eige kjøkken. Med denne utførte rettinga legg kommunen difor til grunn at det ikkje lenger skal vera meir enn 1 bueining i dette huset.

Utført retting i matrikkelen:

Bygningstypen er no endra frå bygningstype 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111 einebustad. Bruksareal og tal rom som var registrert på utleigeininga er overført til hovudbueining.

Utført adresseendring:

Adressa som tilhøyrrer utleigeeininga - husnr 115B- er sletta. Då det ikkje skal vera bokstav til eit husnummer som berre har ei adresse, vert husnummer 215A omadressert til 215. Det vert sendt eige vedtak om adressene.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa. Det vert også sendt melding til NGIR.

Vedlagt er matrikkelrapport for bygget som viser kva som var og er registrert om bygget i matrikkelen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torfinn Egil Sande

KRÅVASSLIA 243

5134 Flaktveit